

# Dårlegare tilbod for døve Ingelin

Ulvikjenta Ingelin Steen (14) vil gjerne bu på internat dei vekene ho kan gå på Hunstad skule for høyrselshemma. Men no er elev-internatet lagt ned.

Ingelin Steen har prøvebudd på internatet tidlegare. No kjenner ho seg moden nok til å nytta tilbodet fullt ut.

– Det er kjekt å vera saman med andre likesinna. Eg lærer nye ting, og får nye opplevingar i byen saman med teiknspråkvenene mine, seier ho.

## Ho er klar

– No er eg klar for det, det vil vera supert å bu der no. Men nett no vert det nedlagt, gestikulerer ho forvilt.

Ingelin Steen er döv, men er fast elev ved Braknes skule. Ho er deltids elev ved Hunstad skule for høyrselshemma. I fjor søkte familien om at ho kunne få utvida opphald ved skulen, til 12 veker i året. Det er maksimalt tilbod som kommunen kan nytta utan ekstra utgifter.

Men utan internat-tilbod vil det verta vanskeleg for Ingelin Steen å gjera seg nytte av dette tilbodet. Foreldre har rett til fri frå arbeid to veker i året i slike tilfelle. Men kven skal ha ansvaret alle dei andre vekene?

Sonja Steen forklarar kor viktig det er for dottera å ha kontakt med andre i same situasjon. Ho treng det ekstra påfyllet, som ungdom.

## Kan verta utanfor

– Ulvik er bra, men eg føler av og til at eg er utanfor. På Hunstad får eg styrke, forklarar Ingelin via tolken denne dagen, Gunn Leithaug.

– Om butilbodet i Bergen vert nedlagt, vert det heilt feil. Då må eg i staden reisa kjempe langt bort.

– Det er viktig å ha denne arenaen for Ingelin, seier Sonja Steen.

– Saman med dei får ho diskutera ting som er sjølvaggde for andre ungdommar å snakka om. Når ho er i lag med ungdommar her i Ulvik må ho ofte spørja opp att – kva sa du no? Dei andre ber ho kanskje venta litt, før dei kan forklara, og når det kjem til stykket, har dei ikkje tid til å det.

Av kjekke aktivitetar og hendingar som Ingelin Steen kan nemna frå sine opphald ved Hunstad skule, tenkjer ho på turen til badelandet Vannkanten.

## Får med seg alt

– Saman med andre som brukar teiknspråk får eg med meg absolutt alt. Det er kjekt og veldig sosialt. Eg har ikkje så mange tilbod her i Ulvik, for det er vanskeleg å følgja med, seier Ingelin Steen.

Det å bu ved internatet ville vere midt i blinken med tanke på det sosiale miljøet. Alternative butilbod vil ikkje ha denne dimensjonen, meiner mor og dotter.

– Ho kan truleg bu på Eikehund med voksne assistentar. Men utan å få vera i lag med andre døve er mykje av viten vekke.

For Ingelin som elev er også opphald på Hunstad ein styrke. Ho vert fagleg flinkare med fullt tilrettelagd undervisning.

– Der får eg spurd veldig mykje. Eg er mykje meir aktiv der enn på sku-



TRENG HUNSTAD: Ingelin Steen treng opphald på Hunstad skule, saman med andre i same situasjon. Det gjev henne styrke, meiner ho.

len i Ulvik, seier Ingelin Steen.

Også for lærar og assistent på skulen i Ulvik er det viktig å få fagleg påfyll, frå fagmiljøet ved Hunstad skule.

## Talde ikkje deltidslevar

Sonja Steen forklarar at bakgrunnen for nedleggjinga av tilbodet ved Hunstad skule er at det no berre er ein eller to heiltidslevar som treng internatplass. Men det er ikkje rekna med deltidslevar, understrekar ho.

– Heldigvis, men og uheldigvis, er det ikkje så mange som er døve eller høyrselshemma. Men mange som er tunghoyrde som born, mistar meir av høyrsla når dei velk, og søker til Hunstad skule når dei kjem i ungdomsskulealder. Dette er og eit tilbod som cochlea-opererte nyttar.

Sonja Steen meiner det er veldig uheldig at tilbodet vert nedbygd slik som dette. Det gjer det så vanskeleg å ta det opp att, om det trengst seinare.

– Eg føler at me mistar veldig mykje om me ikkje har eit internat-tilbod. Som foreldre må me seia frå at dette er eit tilbakesteg!

Men Ingelin er ei toff jente, seier mora.

– Ho er sterk og tøff. Ho får til det ho har bestemt seg for!

## «Ein tung kamp for foreldra»

BERGEN: Rektor Hilde Jordheim ved Hunstad skule synest det er forståeleg om foreldra protesterer.

– Utdanningsdirektoratet har skore ned dei økonomiske rammene for skulen. Det har dessutan vore få søklarar som har hatt behov for å bu på internat. Det siste året har det berre vore to heiltidslevar.

Dette er rektor si forklaring på kvifor elevheimane ved skulen er lagt ned.

– For har deltidslevar på ungdomsskuletrinnet vorte tekne inn i elevheimar, saman med heiltidslevar. Når behovet for heiltidslevar er redusert, er det i staden kjøpt butilbod for denne eleven ein annan stad. Dermed kan me ikkje gje tilsvarende tilbod til deltidslevar lenger.

## Ikkje det same

Tilbodet som deltidslevar truleg kan få ved Eikehund, vil ikkje verta eit tilbod med det same sosiale innhaldet som ved Hunstad.

Rektor Hilde Jordheim meiner reduksjonen i tilbodet no gjeld to-tre deltidslevar. For ein av desse er det levert klage, som har gått til



FORELDRA SIN KAMP: Sonja Steen ser ikkje korleis dei skal få eit godt tilbod til dottera Ingelin, utan at ho får bu på elevinternat saman med andre i hennar situasjon.

Utdanningsdirektoratet for avgjerd. Det har teke tid å få svar; truleg er reglane for sakshandsamingstid overskridne, meiner ho.

– Foreldra er ikkje nøgde med at det ikkje vert gjeve eit like godt butilbod som før. Ungdomane kjem ikkje så tett på andre i same situasjon, med så god oppfølging som før. Dei som har teiknspråk som førstespråk treng å koma i dette miljøet, for å få oppleva eit naturleg språkmiljø, meiner rektor.

Foreldra i dei ulike elevgruppene

er aktive for å påverka i denne saka, og det har mellom anna vore to spørsmål om dette i spørjetimen i Stortinget.

## Vil vera fleksible

– Deltidsgruppa er ei aukande gruppe, og dei ansvarlege må sjå dette, sjå kompleksiteten i gruppa. Me er sårbare om me ikkje har fleksibilitet.

Det er staten som står bak dei rammene som skulen har, og nedskjeringane rårkar ei marginal gruppe, påpeikar ho. Det er godt mogeleg å forstå at foreldra ikkje er nøgde, legg ho til.

– Foreldre med høyrselshemma ungar og ungdommar i utkantkommunane får ein tung kamp dei må kjempe.

Hunstad skule har over fleire år vore gjennom omstillingar. Rammene for skulen har vorte skorne ned. I det siste er det sagt opp ni faste stillingar, spreidd på dei ulike arbeidstakargruppene, forklarar rektor Hilde Jordheim.

SIGRID SEIM | tekst og foto  
55@avis-a-hordaland.no